

Søre Sunnmøre Landbrukskontor

Landbrukskontor for kommunane

Herøy, Ulstein og Hareid

Geir Tjervåg
6070 Tjervåg

Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Vår dato: 14.06.2010
Vår ref.:

Saksbeh.: Jørn Agersborg
Telefon: 70086054

Uttale om eigdomsavgrensing for Gnr. 53 bnr 1

Søre Sunnmøre landbrukskontor har motteke munnleg spurnad frå Geir Tjervåg om å gi ein omtale av eigdomsgrenser for eigedom Gnr. 53, bnr. 1. Geir Tjervåg viser til planar for etablering av minikraftverk på eigedom Gnr. 53, bnr. 1 som grunnlag for å be om uttala.

Søre Sunnmøre landbrukskontor vil opplyse om følgjande i samband med uttala:

- Søre Sunnmøre landbrukskontor har ikkje oversikt over, eller mynde til å avgjere spørsmål om rettigheter. Uttala kan difor ikkje nyttas som grunnlag for å avgjere eigdomsforhold eller rettigheter.
- Uttala er gjeve på grunnlag av informasjon frå utskrift "gårdskart på nett" (<http://gardskart.skogoglandskap.no>) eigd av Skog og landskap. Søre Sunnmøre landbrukskontor tek ikkje ansvar for feil og manglar i kartbasen til Skog og landskap.

Eigedom Gnr. 53 bnr. 1 har eit totalt areal på 798,6 dekar. Av dette er 28,9 dekar fulldyrka jord, 251,6 dekar produktiv skog, 499,1 dekar anna markslag og 19,0 dekar klassifisert som anna areal.

Eigedom Gnr. 53 bnr. 1 grenser til følgjande eigedomar etter informasjon frå Skog og landskap:

- mot høgfjellet (vest) Gnr. 53, bnr. 9, grensa ligg i omtrent 310 meters høgd over havet
- mot nord Gnr. 53, bnr. 10, grensa strekk seg frå omtrent 310 meters høgd over havet til 90 – 95 meters høgd over havet
- mot vest i høgda 90 – 95 meter over havet mot eigedomane Gnr 53, bnr. 4/ 11/ 3/ 12 og 8.
- mot nord vidare frå 90 – 95 meters høgd ned til omtrent 10 meter over havet mot eigedom Gnr. 53, bnr. 8.
- mot nord frå omtrent 10 meters ned til fjørehøgd mot eigedom Gnr. 53, bnr. 7
- mot sydaust i fjørehøgd til omtrent 20 meters høgd mot eigedomane Gnr. 53, bnr. 88/ 36/ 53 og 94
- mot sydaust og nordaust i høgda omtrent 20 meter over havet til omtrent 85 meter over havet mot eigedom Gnr. 53, bnr. 39.
- mot sydaust Gnr. 53, bnr. 7 i høgda 65 meter over havet til 310 meter over havet (møter grense til Gnr. 53, bnr. 9 omalt i første punkt)

Mvh

Jørn Agersborg

Kopi:

Eigar av følgjande eigedomar:

Gnr. 53/ 8

Gnr. 53/7